

God handel og mange nøyde påskegjester.

17.04.2019



Nøyde påskegjester i bubil. F.v: Reidun og Tor Ingvald Hegerland frå Etne og Ingun og Geir Stenvoll frå Tysvær.

Påskegjestene strøymer til Uskedalen, anten det er hyttefolk, gjester på Rabben Feriesenter, Øyro Maria, Båthamna eller det er faste gjester som er heime hos slekta si i Uskedalen. Dette gjer at onsdagen i påskeveka er den beste handledagen på SPAR. Påskeafta er også god, men ikkje noko slår onsdagen før Skjærtorsdag. Faste gjester i båt kjem kvar påske tilbake til Uskedalen. Det same gjer dei som kjem med vogner og i bubil. Mange ynskjer å bu i hytter.

Uskedalen.no var innom SPAR, Rabben Feriesenter og Båthamna i dag. Det fyllest opp med bubilar og dei fleste hyttene er utleigde. Det er som sagt god handel. Folk skal ha alt, ikkje berre typisk påskevarer. Det kjem inn varer heile tida. Sjølv på påskeafta har SPAR ferskvarer, aviser og blad.

Vi møter to par i kvar sin bubil, frå Etne og frå Tysvær. Ingun og Geir Stenvoll har vore mange gonger i Uskedalen. På spørsmålet om kvifor dei vel Uskedalen, er svaret kort og fyndig: I Uskedalen er der god plass. Det er romsleg og ikkje for tett mellom bubilane. Dessutan er Uskedalen ein roleg plass å vera.



Faste båtgjester kjem alltid tilbake til Uskedalen i påsken.

Geir kjem frå Øksfjord i Finnmark fylke. Han fekk seg arbeid på AS Stord Verft i 1966 og etter det vart det fast bustad sørpå. Ingun har hatt arbeidet sitt på Tysværtunet. Ho har minne frå Uskedalen, på dans i Helgheim, og møte med kjeke gitar og forelsking.

Reidun og Tor Ingvald Hegerland kjem frå Etne. Dei har reist mykje med bubil, men det er fyrste gongen dei campar i Uskedalen. Hegerland kjenner bygda godt. Han har i mange år jobba i Felleskjøpet på salg og har mange av bøndene i Uskedalen som sine faste kundar. Tor Ingvald ramsar opp den eine etter den andre. Det er nok å nemna Trygve Haugland og sonen Arne Johannes Haugland, Bjørgulv Eik og Magne Huglen. Kona Reidun kjem frå Sauda.

Bente Nilsen på SPAR fortel at det er alltid kjekt å møte påskegjestene kvart år. Mange er faste gjester i Uskedalen, men det alltid nokre nye andlet å sjå. Påsken fortel oss at no er vi ferdig med vinteren og klar til å starta sommardrifta.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Onsdagen i påskeveke er truleg den beste handledagen på SPAR. Vigdis Haugland i fersvaredisken har det travelt med å fylla på med varer.